



Mjåtvitelvens Forening
Rosslagsveien 336
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/1603 - 17/12489

Saksbehandlar:
Marius Flemmen Knudsen
marius.knudsen@meland.kommune.no

Dato:
19.06.2017

Løyve til kantklipping langs sti ved Mjåtvitelva

Administrativt vedtak. Saknr: 176/2017

Saksutgreiing:

Mjåtvitelvens forening v/ Kjetil Tufte søker i epost journalført 15.06.2017 om løyve til å slå gras på stien som går langs Mjåtvitelva frå bruva ved Mjåtvitvegen til «ja-brua» ned forbi fossen. Dei ynskjer å slå graset i ca. 1 meters breidde, då det er mykje vegetasjon langs stien.

Vurdering:

I ny kommuneplan (KPA) av 17.06.15 ble det lagt ei vernesone på 30 meter på Mjåtvitelva, 15 meter på kvar side frå midten av elva (*H 560_Mjåtvitelva*). Vernesona skjermar vassdraget og vegetasjonona mot alle inngrep, jf. pkt. 4.3.3 planføresegner i kommuneplanens arealdel. Grunnen for vernesona er at Mjåtvitelva har lokalt-, regionalt- og nasjonalt viktig naturmangfald knytt til vassdraget og vegetasjonen langs vassdraget. Vidare opnar punkt 4.3.3 i planføresegna for at det kan leggjast til rette for ferdsel langs vassdraget i vernesona, men at ei eventuell tilrettelegging skal skje med minimale terrenginngrep.

Adminstrasjonen vurderer at tiltaket fell inn under tilrettelegging for ferdsel, og at tiltaket kan gjennomførast utan terrenginngrep. Adminstrasjonen meiner det er positivt om tiltaket fører til auka bruk og ferdsel langs vassdraget. Adminstrasjonen legg til grunn for søknaden at 1 meter som skal inneber $\frac{1}{2}$ meter på kvar side av stien. Adminstrasjonen har vurdert til at kantklippinga langs stien ikkje vil påverka vegetasjonen langs vassdraget i stor grad. Men det er viktig ved gjennomføring av tiltaket at det takast omsyn til trær og større busker, og unngår å gjere skade på dei. Då desse er viktige element for kantsona.

Adminstrasjonen har vurdert tiltaket etter prinsippa i Naturmangfaldslova (NML) §§ 8-12, jf. NML § 7. Det er registrert spesielle miljøverdiar etter ein gjennomgang av artskart og naturbase, jf. NML § 8. I naturbase er det registrert ein raudlista art i vassdraget, elvemusling. Samstundes er det registerert naturtype rik sump- og kildeskog med verdi viktig (B) langs heile nedre del av vassdraget. Det er også registrert ein

nasjonal forvaltningsart gråsisik. Den nedre delen av elva, nedenfor fossen er også sjøaure førande. Administrasjonen meiner det ligg føre nok kunnskap om naturverdiane i område og at dei verknader tiltaket kan ha på naturmiljøet, føre-var- prinsippet gjer seg difor ikkje gjeldane, jf. NML § 9. Administrasjonen har vurdert det til at kantklipping av ein halv meter på kvar side av stie, truleg ikkje vil påverke elvemusling eller sjøaure. Det skal klippast eit smalt belte langs stien, og det vil fortsatt vere vegetasjon igjen mot vassdraget. Vidare meiner administrasjonen at det er lite truleg at gråssik vert påverka av tiltaket. Når det gjeld naturtypen meiner administrasjonen at gjennomføring av tiltaket vil ha mindre påverknad på naturtypen. Kantklipping vil fjerne gras og urter nærmast stien, men det vert ikkje opna for å fjerne tre eller større busker. Etter naturtypens faktaark er den mest sårbar mot fysiske inngrep og framande artar. Tiltaket vil lette ferdsel og gjere område meir attraktivt for ferdsel, men administrasjonen meiner at det ikkje er i strid med prinsippa i NML § 10 om samla belastning. Område har vore nytta til friluftsaktivitetar over lang tid, og administrasjonen legg til grunn at folk som ferdast til fots på vanleg måte vil ha mindre påverknad. Prinsippa i §§ 11 og 12 gjer seg ikkje gjeldane. Etter ein samla vurdering meiner administrasjonen at tiltaket ikkje er i strid med prinsippa i naturmangfaldslova §§ 8-12.

Administrasjonen vil etter ein samla vurdering gå inn for at søker kan få gjennomføre omsøkt tiltak som planlagt. Administrasjonen vil påpeke at gjennomføring av tiltak må skje med grunneigars løyve og i samråd med grunneigar. Administrasjonen legg til grunn at det vert rydda $\frac{1}{2}$ meter på kvar side av stien, til saman 1 meter. Og at kantklipping skjer skånsamt, at det ikkje vert felt, rydda eller skada trær eller busker.

Vedtak

«Meland kommune gjev Mjåtvitelvens forening v/ Kjetil Tufte løyve til å klippa/slå vegetasjon langs stien som går langs Mjåtvitelva. Det skal gjerast på strekninga brua i Mjåtvitevegen og til «Ja-brua» nedenfor fossen. Det skal ikkje slås/klippast breiare enn $\frac{1}{2}$ meter på kvar side av stien, tilsaman 1 meter. Det skal ikkje fellast trær eller busker, og det skal takast omsyn til desse slik at dei ikkje tek skade av tiltaket.

Søkjar må ha løyve frå grunneigarar før gjennomføring av tiltaket.

Frist for gjennomføring av tiltaket vert satt til 19.07.2017. Meland kommune skal orienterast når tiltaket er gjennomført.

Vedtaket har heimel i kommuneplanens planføresegn pkt. 4.3.3.»

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagan er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagan skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvæst.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Marius Flemmen Knudsen
skog- og miljøkonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Mjåtvæitelvens Forening

Rossladsveien 336 5918

FREKHAUG